

Kåre Skjelanger
Skjelangervegen 983
5917 ROSSLAND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/8453 - 21/76772

Saksbehandlar:
Kjell Rune Standal
kjell.rune.standal@alver.kommune.no

Dato:
15.11.2021

Utsending av matrikkelbrev for gbnr 355/65

Viser til oppmålingsforretning den 04.11 2021

Forretninga gjaldt gjensidig grensejustering mellom gbnr 355/4 og gbnr 35/45. Forretninga gjaldt og oppretting av ny matrikkeleining frå gbnr 355/4 der ny matrikkeleining gbnr 355/65 er oppretta i grunnboka.

Innmålte grenser er no ført i matrikkelen. Vedlagt er matrikkelbrev for gbnr 355/65, kopi av protokoll for oppmålingsforretning, signert partsliste, signert grensejusteringsavtale, skyldskifte på 355/45 og 46 og alle dokument frå kartverket tinglysing.

Eit matrikkelbrev er ei utskrift av matrikkelen som viser alle registrerte opplysningar om ei matrikkeleining (eigedom) ved oppgitt dato. Matrikkelen er landets offisielle register over fast eigedom. Sjå www.kartverket.no for meir informasjon om matrikkelen.

De kan no skriva skøyte på eigedomen. Dette må sendast til tinglysing, «Kartverket Tinglysing, pb. 600 Sentrum, 3507 Hønefoss.»

Ein gjer merksam på at skjema for eigenfråsegn om konsesjonsfridom ved tileigning/ kjøp av fast eigedom må fyllast ut av kjøpar og leverast kommunen for registrering i matrikkelen, før skøytet kan tinglyst.

Relevant utdrag av matrikkelbrevet er sendt til aktuelle partar i saka.

Eigedomen er å finna på www.seeiendom.karverket.no og www.nordhordlandskart.no

For evt. spørsmål kan de ta kontakt med sakshandsamar på telefon X eller epost x.x@alver.kommune.no

Klage:

Denne avgjerdsla er et enkeltvedtak som kan klagast over, [jf. matrikkellova §46](#).

Klage skal stilast til Statsforvaltaren, men sendast til kommunen. Klagefrist er tre veker frå motteke brev.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Kart og oppmåling

Kjell Rune Standal
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

355_65_matrikkelbrev
355_4, signert partsliste
355_45,skyldskifte
355_46,skyldskifte
Signert grensejusteringsavtale
Erklæring om rett i fast eigedom
Melding om tinglysing
Stadfesta grunnboksutskrift
Retur av tinglyst dokument
20218453Kartvedlegg_1
20218453-Protokoll

Mottakarar:

Kåre Skjelanger	Skjelangervegen 983	5917	ROSSLAND
Mette Helene Johnsen Skjelanger	Skjelangervegen 983	5917	ROSSLAND